



Storingsvaldistrikt Sogn og Fjordane

## Listeforslag til stortingsvalet for KrF

Nominasjonskomiteen si innstilling

## Forslag til stortingsliste

Plassering	Namn	Fødd	Kommune
1	Tore Storehaug	1992	Askvoll
2	Trude Brosvik	1961	Gulen
3	William Dalsbø	1996	Stad
4	Beate Bondevik Lie	1978	Luster
5	Kari Synnøve Muri	1965	Stryn
6	Jarle Arvid Aase	1964	Sunnfjord
7	Per Ståle Husevåg	1969	Gloppen
8	Marta Kjelby	2000	Gulen
9	Frode Bøthun	1976	Sogndal
10	Gustav Johan Nydal	1960	Kinn



*Plass på lista: 1*

## Tore Storehaug

**Stilling/yrke/tittel:** Stortingsrepresentant

**Alder:** 28

**Sivil status:** Gift, stasjonsvogn og hund

**Kommune:** Askvoll

### *Kvifor ønskjer du å stille som kandidat for KrF i Sogn og Fjordane?*

Fordi vi treng eit parti som kjenner våre kulturelle røter og veit kva eit menneske er verdt.

### *Kva saker er du mest oppteken av?*

At vi byggjer gode lokalsamfunn og familiar, inkluderer fleire og stiller opp for dei mindre privilegerte delane av verda gjennom ein offensiv klima- og utviklingspolitikk.

### *Politisk erfaring*

- 2019-dd.       Finanspolitisk talsperson på Stortinget
- 2017-dd.       Stortingsrepresentant, energi- og miljøkomiteen
- 2014-2016     Visepresident i Youth of the European Peoples Party
- 2011-2015     Sentralstyremedlem i KrFU
- 2011-2019     Første vara til fylkestingsgruppa til KrF i Sogn og Fjordane
- 2008-2011     Leiar for Sogn og Fjordane KrFU

### *Yrkesbakgrunn*

- 2011-2014     Heimehjelp og personleg assistent, Førde kommune (sommarjobb)
- 1992-         Handtlangar på sjarken til gamlingen

### *Utdanning*

- 2011-2016     Lektorprogrammet, Universitetet i Oslo

	<p><i>Plass på lista: 2</i></p> <p><b>Trude Brosvik</b></p> <p><b>Stilling/yrke/tittel:</b> Gruppeleiar Vestland fylkesting (kyrkjeverje) <b>Alder:</b> 59 <b>Sivil status:</b> Gift <b>Kommune:</b> Gulen</p>
---	--

### *Kvifor ønskjer du å stille som kandidat for KrF i Sogn og Fjordane?*

For å medverke til at Tore Storehaug får ein ny periode på Stortinget. Dessutan kjenner eg distriktsutfordringane godt, og eg er oppteken av at KrF skal halde fram som det viktige sentrumspartiet det er.

### *Kva saker er du mest oppteken av?*

Rettferdig fordeling, klima og respekt for livet. At folk skal ha jobb, -kunne leve liva sine der dei vil, ha rett til å ytre seg og leve ut trua si. Eg vil at fellesskapet skal styrkast slik at vi stiller opp for kvarandre.

### *Politisk erfaring*

2019- Gruppeteiar, Vestland fylkesting  
2017- Vararepresentant, Stortinget  
2006-2012 Fylkesleiar KrF  
2014-2018 Fylkesleiar KrF  
1999-2011 Ordførar i Gulen  
6 år Sentralstyremedlem, KrF

### *Yrkesbakgrunn*

1991-2021 (permisjon 1999-2011) Kyrkjeverje, Gulen

### *Utdanning*

2003-2004 Høyskolen BI (strategisk leiing, endringsleiing og prosjektleiing)  
1997-1999 Diakonhjemmets Høyskole (kyrkjeadministrasjon)  
1980-1981 Heimeyrkesskulen / tekstilforming

### *Erfaring og verv frå andre organisasjonar*

2011-2014 styremedlem, Helse Førde  
2010-2012 Styreleiar, Sparebankstiftinga, Sparebanken Sogn og Fjordane  
2003-2010 Styreleiar, Sparebanken Sogn og Fjordane  
2002-2005 medlem i Norges Bank representantskap  
4H-rådgjevar, søndagsskule, div frivillig arbeid

	<p><i>Plass på lista: 3</i></p>
	<p><b>William Dalsbø</b></p>
	<p>Stilling/yrke/tittel: Tømrarbas</p>
	<p>Alder: 24</p>
	<p>Sivil status: Ugift</p>
	<p>Kommune: Stad</p>

### *Kvifor ønskjer du å stille som kandidat for KrF i Sogn og Fjordane?*

Eg er fødd inn i ein politisk interessert familie, og har difor vore politisk bevisst ganske lenge allereie. KrF Sogn og Fjordane/Vestland har eit godt program for distrikt og landbruk. Eg ønskjer å gjere det endå meir attraktivt for unge å busetje seg i utkantbygdene.

### *Kva saker er du mest oppteken av?*

Eg ønskjer at verdien av norsk natur skal vege betydelege sterkare, opp i mot spesielt vindindustri. Eg er bekymra for debattar om etiske saker i den lovgjevande forsamlinga, utan KrF tilstades. I saker om bistand, familie, retten til å leve, bioteknologi og reell trusfridom har KrF den beste politikken. Difor ønskjer eg å bidra til å løfte KrF godt over sperregrensa. I tillegg er eg oppteken av å leggje til rette for eit sterkt norskeigd nærlingsliv.

### *Politisk erfaring*

2020 Styremedlem i Stad KrF  
2019 Styremedlem i Stad KrF

### *Yrkesbakgrunn*

Tømrarbas v/Stad Kystbygg AS  
Sjølvstendig næringsdrivande

### *Utdanning*

Vidaregåande Idrettslina Firda VGS 2012-2015  
Fyrstegongsteneste hjå HMK Garden  
Tømrarlære

### *Erfaring og verv frå andre organisasjonar*

Aktiv i: Filadelfia Stadlandet, Seinsommarfestivalen, Ungdomsarbeid, Misjonsarbeid  
Stadlandet Idrettslag: Sommaraktive Stadt, Stadlandet Rett Vest



*Plass på lista: 4*

## Beate Bondevik Lie

**Stilling/yrke/tittel:** Sjukepleiar/fagleiar

**Alder:** 42

**Sivil status:** Gift

**Kommune:** Luster

### *Kvifor ønskjer du å stille som kandidat for KrF i Sogn og Fjordane?*

Fordi eg synest KrF er det beste partiet, og det laget har eg lyst til å vere med på, og jobbe for dei viktigaste sakene i politikken.

### *Kva saker er du mest oppteken av?*

Eg er oppteken av at me framleis skal ha levande lokalsamfunn i framtida. Eg er svært oppteken av at me deler godene i verda på ein meir rettferdig måte. Me har eit stort ansvar for å ta vare på jorda vår.

### *Politisk erfaring*

2020- 1. nestleiar i Vestland KrF  
2019- Kommunestyremedlem i Luster  
2018-2020 Leiar i Sogn og Fjordane KrF  
2011-2018 Nestleiar i Sogn og Fjordane KrF  
2010- Styremedlem i Luster KrF/Leiar frå 2014

### *Yrkesbakgrunn*

2014- Sjukepleiar/fagleiar, Luster kommune  
2010-2014 Trusopplærar, Årdal kyrkjelege fellesråd  
2002-2006 Sjukepleiar, Lovisenberg diakonale sjukehus

### *Utdanning*

2015 Demens og alderspsykiatri, Høgskulen i Sogn og Fjordane  
2011 Kristendom 70 stp, Norsk Lærerakademi  
2002 Sjukepleiar, Menighetssøsterhjemmet

### *Erfaring og verv frå andre organisasjonar*

2001-2002 Landsstyremedlem, Studentenes Landsforbund

	<p><i>Plass på lista: 5</i></p> <p><b>Kari Synnøve Muri</b></p> <p>Stilling/yrke/tittel: Kyrkjeverje Alder: 55 Sivil status: Ugift Kommune: Stryn</p>
---	---

### *Kvifor ønskjer du å stille som kandidat for KrF i Sogn og Fjordane?*

Eg stiller som kandidat fordi eg brenn for dei verdiane KrF er tufta på, og vil vere med å jobbe for at KrF framleis skal vere med og prege norsk politikk. Målet om å få Tore på Tinget i fire nye år er sterkt motiverande for å gjere ein innsats.

### *Kva saker er du mest oppteken av?*

Fremje trygge og levande lokalsamfunn – gode tenestetilbod og sikre vegar. Berekraftig ressursforvaltning og rettferdig fordeling – lokalt og globalt. Barnehage og skule skal gje tilpassa opplæring for alle. Tilrettelegging for at menneske med nedsett funksjonsevne kan vere likeverdige deltakarar i samfunnet.

### *Politisk erfaring*

2019-dd        Leiar i sektorutval for skule og kultur  
2019-dd        Medlem i Stryn formannskap  
2016-dd        Styremedlem i Stryn KrF, leiar frå 2017  
2011-dd        Medlem i Stryn kommunestyre

### *Yrkesbakgrunn*

2018-2020     Kyrkjeverje/dagleg leiar i Stryn Kyrkjelege Fellesråd  
2006-2018     Folkehelsekoordinator (deltid), Stryn kommune  
2003-2018     Fysioterapeut m/driftstilskot, Stryn kommune  
1990-2003     Fysioterapeut, Molde kommune

### *Utdanning*

2015-2016     Helse og omsorg i plan, del-master, Høgskulen i Volda.  
2000-2002     Tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid  
1987-1990     Fysioterapiutdanning, Høgskulen i Bergen  
1985-1986     Pedagogikk grunnfag, Norsk Lærarakademi

### *Erfaring og verv frå andre organisasjonar*

2019-d.d.       Styremedlem, Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre  
2017-d.d.       Styremedlem, Nordfjord Hamn IKS  
2012-2015     Medlem, Bjørgvin bispedømeråd  
2005-2015     Medlem, Olden sokneråd, fire år som leiar

	<p><i>Plass på lista: 6</i></p> <p><b>Jarle Arvid Aase</b></p> <p><b>Stilling/yrke/tittel:</b> Rådgjevar i NRK – distriktsdivisjonen, region vest</p> <p><b>Alder:</b> 56</p> <p><b>Sivil status:</b> Gift – tre born</p> <p><b>Kommune:</b> Sunnfjord</p>
---	--

### *Kvifor ønskjer du å stille som kandidat for KrF i Sogn og Fjordane?*

Eg har stor interesse for politikk generelt, og rikspolitikk spesielt. Slik eg ser det, er KrF sin politikk avgjerande viktig for det norske samfunnet si framtid. Då er det viktig å kjempe for mest mogeleg gjennomslag for KrF sin programfesta politikk. Det arbeidet ønskjer eg å vere med på.

### *Kva saker er du mest oppteken av?*

Menneskeverd/helse, born/familie, skule/utdanning og trusfridom, er det eg ser på som viktigast. Internasjonal rettferd, transport/kommunikasjon og økonomi/næring/forvaltning er også tema som eg er mykje oppteken av.

### *Politisk erfaring*

2020-	Styremedlem i Sunnfjord KrF
2015-2020	Medlem i Gaular kommunestyre
2015-2020	Medlem i Utvalet for oppvekst og kultur
2015-2020	Kommunen sin representant i samarbeidsutvalet ved Bygstad barnehage
2004-2007	Medlem i Sunnfjord overlikningsnemnd
1995-2003	Medlem i Gaular overlikningsnemnd
2001-2003	Leiar i Gaular KrF
1995-2001	Styremedlem i Gaular KrF
1995-1999	Gruppleiar og medlem i Gaular kommunestyre
1995-1999	Nestleiar i Teknisk utval i Gaular kommune
1989-1990	Styremedlem i Gaular KrF

### *Yrkesbakgrunn*

2015-	Rådgjevar i NRK – distriktsdivisjonen, region vest
1995-2015	Administrasjonssjef – NRK Sogn og Fjordane
1995-2016	Gardbrukar – mjølkeproduksjon og ammekuproduksjon
2013-2014	Administrasjonsleiar – Sygna vgs AS i Balestrand
1994-1995	Rekneskapsfører og fagansvarleg – Rekneskapstenester AS
1989-1994	Revisormedarbeidar Senior 1– Deloitte AS

### *Utdanning*


1985-1989	Siviløkonom – Norges Handelshøyskole
1985	Bibelskule – Fjellhaug Skoler
1983-1984	Militærpolitiutdanning - Sjøforsvaret
1980-1983	Naturfaglina – Førde gymnas





*Erfaring og verv frå andre organisasjonar*

- År 2011- Styremedlem – Sygna vgs AS i Balestrand
- År 2007-2010 Krinsformann – NLM Fjordane sitt krinsstyre
- År 2004-2010 Styremedlem – NLM Fjordane sitt krinsstyre
- År 1997-2010 Styremedlem – Skilbrei Ungdomssenter AS
- År 1992-1997 Sersjant i Fjordane Heimevernsdistrikt – HV 10
- År 1990-1997 Medlem – NLM Fjordane krins si barne- og ungdomsnemnd
- År 1989-1990 Medlem – Santalmisjonen si barne- og ungdomsnemnd

	<p><i>Plass på lista: 7</i></p>
<p><b>Per Ståle Husevåg</b></p>	
<p>Stilling/yrke/tittel: Leder Familiekontor Alder: 50 Sivil status: Gift Kommune: Gloppen</p>	

### *Kvifor ønskjer du å stille som kandidat for KrF i Sogn og Fjordane?*

KrF vernar både om menneskeverdet og naturen. Vi har eit hovudfokus på å ivareta dei svakaste gruppene i samfunnet, både barn, unge og eldre. Eg ynskjer vi skal vere ei kristendemokratisk kraft i sentrum av politikken.

### *Kva saker er du mest oppteken av?*

God barnehagedekning, felles grunnskule , gode tenester for menneske med særlege behov i alle aldrar. Viktig med god infrastruktur i samfunnet, både i høve samferdsle, god vidaregåande skule, breiband, fly, båt og buss i heile Vestland.

### *Politisk erfaring*

2019-2023 Kommunestyrerepr KrF, medlem i Oppvekstutvalet.  
2015-2019 Kommunestyrerepr KrF, medlem i Helse og omsorgsutvalet

### *Yrkesbakgrunn*

2014-2020 Leiarstilling i Barnevernet i Gloppen og ved Familiekontoret i Nordfjord  
1993-2013 Fagstillingar ved Stord sosialkontor, DPS-Nordfjord psykiatrisenter, Psykisk helsevern barn og unge i Gloppen kommune og BUP Nordfjord

### *Utdanning*

1998-2008 Diverse vidareutdanningar ; Psykisk helsearbeid, Psykosebehandling (Seprep) og Familierapi(R-Bup). Godkjend klinisk sosionom i 2001  
1993 Sosionomutdanning ved høgskulen i Sogndal

### *Erfaring og verv frå andre organisasjonar*

2017-dd Styremedlem Sunnfjord Folkehøgskule  
2005-dd Vaksenleiar Sandane Soul Children

	<p><i>Plass på lista: 8</i></p> <p><b>Marta Rydland Kjelby</b></p> <p>Stilling/yrke/tittel: Student                  Alder: 20                  Sivil status: Singel                  Kommune: Gulen</p>
---	--

### *Kvifor ønskjer du å stille som kandidat for KrF i Sogn og Fjordane?*

Eg ønskjer å stille fordi eg meiner det som ung er viktig å engasjere seg og bruke den stemma ein har. Ein kjem då gjerne med litt andre perspektiv, vinklingar og erfaringar. Som odelsjente ser eg den viktigheita det norske landbruke og distrikta har for å ta vare på og forvalte kulturlandskapet, og eg ønskjer å vere ei stemme for dette.

### *Kva saker er du mest oppteken av?*

Eg er opptatt av at alle skal få ei god oppfølging frå starten til slutten av livet. Dette så det heile vegen skal vere tilrettelagt for så god livskvalitet som mogleg, uansett kva utgangspunkt ein har. Eg er opptatt av at ein skal ha ein sunn og god innvandrings- og integreringspolitikk. Det må vere god kvalitet på det me leverer, samtidig som det er viktig at me lyttar til behovet i verda.

### *Politisk erfaring*

2019-dd Fylkesstyremedlem/Vestland KrFU  
 2018 Fylkesstyremedlem/ Sogn og Fjordane KrFU

### *Yrkesbakgrunn*


2014-2016 Assistent, Gulen Kommune. For psykisk utviklingshemma ungdom  
 2016- Vikar, Gulen kommune. SFO, Barnehage, og Bu og Omsorgssenter

### *Utdanning*

2020-dd Bachelor i Interkulturell forståelse, NLA Høyskolen  
 2019-2020 Global Disippel, Misjonsskolen Gå Ut Senteret  
 - Praksis i leksehjelp ved KIA  
 - Praksis ved senter for psykisk- og fysisk utviklingshemma, barneheim og barnehage i Paraguay  
 2016-2019 Grunnleggande studiespesialiserande med språk, samfunn og økonomi, Sygna vidaregåande skule

### *Erfaring og verv frå andre organisasjonar*

2017-2018 Leiartreningskurs, NLM  
 2016-2018 Med arrangør for ungdomsgudstenester, Den norske kyrkje  
 2014-2018 Nestleiar, Leiar og styremedlem i lokallag, 4H  
 2010-2016 Assistent, Sprell levande søndagskule  
 2009-2016 Musikant, Brekke skulemusikk

	<p><i>Plass på lista: 9</i></p>
	<p><b>Frode Bøthun</b></p>
	<p>Stilling/yrke/tittel: Rektor Alder: 44 Sivil status: Gift, tre born Kommune: Sogndal</p>

### *Kvifor ønskjer du å stille som kandidat for KrF i Sogn og Fjordane?*

Ønskjer å bidra til at KrF får stemmer frå midtre og indre Sogn. Håpar å kunne vere med og formidle KrF sin gode politikk, særleg i Sogndal kommune.

### *Kva saker er du mest oppteken av?*

Distriktpolitikk. Skulepolitikk. Samferdslepolitikk

### *Politisk erfaring*

2020-dd Medlem i kommunestyret og formannskapet i Sogndal kommune  
2015-2020 Varaordfører i Balestrand kommune  
2003-2020 Medlem i kommunestyret i Balestrand. Tre periodar i formannskapet

### *Yrkesbakgrunn*

2019 - Rektor, Sygna vgs  
2007-2019 Undervisningsinspektør, Sygna vgs  
2001 -2007 Lærer, Sygna vgs

### *Utdanning*

2006 Skuleleiing, NLA  
1995 - 2001 Engelsk, Kristendom, Administrasjon og organisasjonsvitskap, Interkulturell forståelse, Praktisk pedagogikk, UiB og NLA

### *Erfaring og verv frå andre organisasjonar*

Styremedlem i Bedehuset Betel  
Styremedlem i Kunstbygda Balestrand  
Medlem og leiar i Fridalen menighetsråd  
Medlem i Balestrand sokneråd  
Fleire verv i kraft av å vere kommunestyremedlem og varaordfører

	<p><i>Plass på lista: 10</i></p> <p><b>Gustav Johan Nydal</b></p> <p><b>Stilling/yrke/tittel:</b> Forretningsutviklar, Multi Maritime AS <b>Alder:</b> 60 <b>Sivil status:</b> Gift <b>Kommune:</b> Kinn</p>
---	--

*Kvifor ønskjer du å stille som kandidat for KrF i Sogn og Fjordane?*

KrF er mitt parti og partiet har ei viktig rolle som verdiparti i sentrum av norsk politikk.

*Kva saker er du mest oppteken av?*

Næringsutvikling i distrikts-Norge, eit inkluderande arbeidsliv der det er plass til alle. Ein god grunnskule og vidaregåande opplæring med fokus både på teori og yrkesretta opplæring

*Politisk erfaring*

- 2019-dd Valt for 4 år i styret for KURS, invandarsenteret i Kinn kommune
- 2019-dd Valt for 4 år i kommunestyret i Kinn kommune
- 2011-2019 8 år i formannskapet og kommunestyret i Flora kommune

*Yrkesbakgrunn*

- 1986 – 2020
- 8 År Prosjektleder og ingeniør, Elkem Bremanger
- 3 År Produksjonssjef, Elkem Bremanger
- 11 år Adm Direktør, Kleven Florø AS, Aker Yards Florø, STX Florø, Westcon Florø
- 2 år Adm direktør, Davie shipyard, Canada
- 3 år Prosjektleder for skipsbyggingsprosjekt i Ukraina
- 5 år Bedrifteigar og foretningsutviklar, Polarny Maritime D&E AS

*Utdanning*

- 1986 Sivilingeniør, South Dakota School of Mines & Technology
- 1983 Maskiningeniør, Bergen Ingeniørhøgskule

*Erfaring og verv frå andre organisasjonar*

- 4 År Styreformann Nordvestvinduet AS
- 4 År Styreleiar i Nesholmen Leirstad
- Mange år Ulike verv i Norges KFUM-KFUK, TenSing, Speidarleiar,
- 4år Fellesrådet i Kinn
- 2 år Leiar i Flora Industriforening
- 4 år Styreleiar i Aksello AS